


Seint i haust startar bygginga av det første prosjektet i Førdepakken. Dette er første steg på vegen til eit transportssystem for framtida.



Kvifor treng vi ein Førdepakke?

Trafikkanalysar frå vegane rundt Førde syner at 80 prosent av trafikken har Førde som mål for reisa. Trafikkveksten fram til 2040 er rekna til 32 prosent. Tungtrafikken åleine vil auke til 1 400 køyrtøy i døgeret, eller nesten 60 i timen.

Det betyr at utan tiltak på vegnettet, vil trafikken i 2040 stort sett stå i ro, og det vil ikkje vere høve til utbygging og fortetting i sentrum.

Noko må gjerast om Førde som regionsenter skal kunne halde fram å utvikle seg. Skal Førde sentrum vere ein god stad å jobbe og bu, og det skal vere flyt i gjennomgangs- og lokaltrafikken må ein ta tak i trafikkproblema no.

For å unngå framtidige trafikkproblem, må vi gi betre trafikktilhøve for alle trafikkantgrupper - både biltrafikken og dei mjuke trafikkantane. Fleire må gå eller sykle, men då treng vi samanhengande sykkelveggar, og eit klårt skilje mellom trafikkantgruppene. Dette vil gje betre framkomst og betre trafikktryggleik for alle.

Kva inneheld Førdepakken?

Førdepakken består av 20 tiltak i prioritert rekkefølge.

Tiltaka inneheld:

- nye køyreveggar
- betre kryssutformingar
- breiare fortau
- tilrettelegging for sykkelen
- klart skilje mellom fotgjengarar, syklistar og bilar
- høgare standard på vegane

Tiltaka er resultat av ein lang prosess, via ein kommunedelplan for trafikk i Førde sentrum

Søknaden om å finansiere utbygginga med bompengar er basert på lokalpolitiske vedtak, både i Førde og i nabokommunane. Bompengefinansiering av Førdepakken vart vedteke på Stortinget i juni 2015. Ved dette vedtaket vart prosjekta, kva for tiltak dei inneheld og rekkefølga på desse, endeleg bestemt.

Betre gang- og sykkelveggar

I tillegg til ei utbetring av vegnettet må framtidens transportsystem legge betre til rette for at fleire kan sykle, gå eller køyre kollektivt.

Dette samsvarar også med statlege mål og føringar. I grunnlagsdokumentet til Nasjonal Transportplan (2014–23) heiter det mellom anna at ein større del av transporten i byområde skal takast av gåande og syklande, og at arealbruk for å redusere framtidige transportbehov er viktig.



«Førdepakken skal førebu Førde på ein framtidig trafikkauke. Det blir bygd eit godt vegnett for alle trafikantar, og det blir lagt til rette for meir utbygging sentralt i Førde.»

Ingar Hals,
prosjektleiar i Statens vegvesen

Illustrasjonsfoto bomstasjon (Foto: Statens vegvesen)

Innkrevjinga av bompengar startar 3. oktober

Bompengar er eit verkemiddel for å få til raskare utbygging av infrastruktur på veg. I tillegg til bompengar skal Førde kommune, Sogn og Fjordane fylkeskommune og Statens vegvesen saman finansiere denne utbygginga.

Automatiske bomstasjonar

Fem stader i Førde er no bomstasjonar under bygging. Dei skal stå klar til å starte innkreving 3. oktober. Bomstasjonane er automatiske, du køyrer rett igjennom utan å stogge. For dei som ikkje har AutoPASS-brikke blir det teke eit bilete av registreringskilt og henta ut informasjon frå motorvognregisteret. Bileigar får tilsendt faktura, dette gjeld også for utanlandske køyretøy.

Brikke i bilen

AutoPASS-brikke er den enklaste måten å betale bompengar på.

For å få utbytte av rabattordningar, må du signere ei AutoPASS-avtale. Du vil då få tilsendt ei brikke som du skal feste på frontruta i bilen. AutoPASS er eit felles nasjonalt betalingssystem for bompasingar, og den same brikka kan brukast ved passering i alle andre bomstasjonar i landet som er merka AutoPASS.

Brikkesalet startar 15. august.

I god tid før bomstasjonane opnar, vil det gå ut ei brosjyre til alle hustandar i Førde og nabokommunane, med informasjon om kor du kan teikne avtale med eit bompengeselskap og korleis brikka fungerer.

Prisar for passering

Køyretøy	Før rabatt	Takst etter rabatt*
Takstgruppe 1 (Lett bil)	26	20,80
Takstgruppe 2 (Tung bil)	47	47

* AutoPASS-avtale gir 20 % rabatt (til lett køyretøy), og fordelar som timesregel og månadstak

– Timesregel: Du betaler kun for éi passering per time, uansett kor mange bomstasjonar du passerer med same køyretøy innanfor den timen. Du kan og køyre gjennom same bomstasjonen fleire gongar på same timesregel.

– Månadstak: Du betalar for maksimalt 30 passeringar per køyretøy i kalendermånaden. Når du har betalt for 30 passeringar, køyrer du altså gratis i bomringen med det same køyretøyet ut månaden.

Begge desse fordelane vil også gjelde for tunge køyretøy, over 3,5 tonn.

Sjå også heimesida www.fordepakken.no.
Følg oss på www.facebook.com/fordepakken

KONTAKTPERSON I FØRDEPAKKEN BOMSELSKAP:
Styreleiar Oddvar Flæte, mob. 909 93 461